

***Referat frå ekstraordinært møte i føretaks-
arbeidsmiljøutvalet
19. september 2018***

TIL STADES:

Arbeidsgjevarrepresentantar:

Eivind Hansen
Hans Olav Instefjord
Kjell Vikenes
Susanne Albrechtsen
Odd Andrew Storetvedt

Arbeidstakarrepresentantar:

Ingeborg Sævareid
Robert Bergersen Skaar
Arvid Langeland
Geir Arne Sunde
Irene Hopsdal

Forfall:

Dessutan møte:

Helene-Christin Skaarnes (sekretær)
Anne Randi Skirbekk
Ingunn Toft
Elisabeth Jane Dragsnes
Ingvild Sunde (til sak 32)
Kari Birkeland (til sak 32)

NR. SAK 32 Gjennomgang utviklingsplanen og prehospital plan

Ingvild Sunde presenterte saka.

Saka blei diskutert og det var semje om at det var arbeidd godt med planen. Det var usemje om vedtak.

Leiinga av FAMU utfordra til å tenkje meir overordna om Utviklingsplanen, som skal gjelde fram til 2035. Planen skal gje retning og skal sjølvstøtt reviderast. Tiltak vert konkretisert mellom anna i langtidsbudsjett og årlege planar. Planen må ikkje vere for detaljert. Alle er einige om at vi gjerne skulle hatt større rammer og meir pengar til sjukehuset, men vi må basere oss på dei styringssignala vi får frå eigar og politiske styresmakter.

Fagforeningane har gjeve sine innspel i drøfting. Viser til oppdatert protokoll som blei delt ut i møtet.

Det var ein god diskusjon i møtet i forsøk på å bli einige om eit samla vedtak.

Føretakshovudverneombodet såg det som svært uheldig å gå inn for eit forslag som inneber å opne opp igjen arbeidet med utviklingsplanen.

Arbeidsgjevarrepresentantane kan heller ikkje støtte eit vedtak som inneber å arbeide vidare med planen.

Det blei lagt fram to forslag til vedtak:

Forslag til vedtak frå arbeidsgjevarsida:

FAMU tek Utviklingsplan 2035, inkl. Prehospital plan til orientering.

FAMU ber leiinga ha særlig merksemd på arbeidsmiljøet, og samanhengen mellom ressursar og oppgåver i arbeidet med tiltaka og framtidige revisjonar av planen.

Forslag til vedtak frå arbeidstakarsida:

Dagens arbeidsmiljømessige utfordringar der misforhold mellom ressursar og oppgåver står sentralt, må beskrives betre. Dette er viktig for å gje eit godt grunnlag for framskrivingar og tiltak i utviklingsplanen.

Vedtak:

FAMU tar Utviklingsplan 2035, inkl. Prehospital plan til orientering.

FAMU ber leiinga ha særlig merksemd på arbeidsmiljøet, og samanhengen mellom ressursar og oppgåver i arbeidet med tiltaka og framtidige revisjonar av planen.

Desse 6 stemte for vedtaket:

Eivind Hansen

Hans Olav Instefjord

Kjell Vikenes

Susanne Albrechtsen

Odd Andrew Storetvedt

Ingeborg Sævareid

Desse 4 stemte for forslaget frå arbeidstakarssida

Geir Arne Sunde

Irene Hopsdal

Arvid Langeland

Robert Skaar

Desse fire hadde denne protokolltilførsel, levert etter møtet:

I tillegg til mishøvet mellom oppgåvor og ressursar som er nemnt i vedtaksframlegget vårt, gjeld dette i hovudsak arbeidsmiljøutfordringar knytte til sengjekapasitet, kompetanse, utdanning og rekruttering.

NR.	SAK Eventuelt
------------	----------------------

Ingen saker under eventuelt.